

Heimekontor

Arbeidsmiljølova gjeld også ved arbeid i heimen til arbeidstakar - som til døme heimekontor. «Forskrift om arbeid i arbeidstakers hjem» gir nokre presiseringar til og unntak frå lova.

Forskrifta gjeld arbeid som blir gjort i heimen til arbeidstakaren. Heimearbeid av kortvarig eller tilfeldig art fell utanfor føresegnene i forskrifta.

Særskild skriftleg avtale

I alle typar arbeidsforhold skal det bli inngått ein skriftleg arbeidsavtale. Krav til kva ein slik avtale skal omfatte, er regulert i arbeidsmiljølova, sjå: [Arbeidsavtale](#) I tillegg til den ordinære arbeidsavtalen skal det bli inngått ein særskild skriftleg avtale om heimearbeidet. Denne skal som eit minimum omfatte følgande:

- omfanget av heimearbeidet
- arbeidstida for heimearbeidet
- eventuelle føresegner om når arbeidstakaren skal vere tilgjengeleg for arbeidsgivaren
- varigheita av avtalen (viss ordninga er mellombels)
- eventuelle føresegner om retten til å endre/seie opp avtalen om heimearbeid. Ver merksam på at ei oppseiing av avtalen om heimearbeid ikkje er det same som ei oppseiing av sjølve jobben
- eventuelle føresegner om prøvetid for heimearbeidsordninga
- eigedomsrett, drift og vedlikehald av utstyr
- føresegner om saksbehandling, teieplikt og oppbevaring av dokument viss dette er aktuelt

Arbeidsmiljø

Kapittel 2, 3, med unntak av § 3-1, og 4 i [arbeidsmiljølova](#) gjeld ikkje for heimearbeid. Dette inneber at fleire av føresegnene i arbeidsmiljølova som dreier seg om arbeidsmiljøet, ikkje gjeld.

For å trygge sikkerheita, helsa og velferda til arbeidstakaren skal arbeidsgivaren likevel, så langt det er praktisk mogleg, forsikre seg om at arbeidsforholda er fullt forsvarlege. Dette inneber blant anna at arbeidsstaden, arbeidsutstyret og innemiljøet ikkje skal medføre uheldige fysiske belastningar.

Arbeidsgivaren kan for eksempel gjere dette ved å skaffe ei skriftleg erklæring frå arbeidstakaren om at forholda er lagde forsvarleg til rette. Erklæringa kan så inngå i internkontrollsystemet.

Arbeidstakaren skal vere med på å gjennomføre dei tiltaka som blir sette i verk for å skape eit sunt og trygt arbeidsmiljø.

Internkontroll

Internkontrollsystemet til arbeidsgivaren skal også omfatte arbeid som blir utført i den private heimen til arbeidstakaren.

Verneombod og arbeidsmiljøutval

Verneombodet og arbeidsmiljøutvalet skal, så langt det er praktisk mogleg, ta hand om interessene til arbeidstakarane i spørsmål som gjeld arbeidsmiljøet til den enkelte. Dei skal også sjå til at arbeidsmiljøforholda for arbeidstakarar i eigen heim er ein del av internkontrollsystemet til verksemda.

Arbeidstid

§ 10-4 i [arbeidsmiljølova](#) om alminneleg arbeidstid, § 10-5 om gjennomsnittsberekning, § 10-6 om vilkår for overtid og lengda av overtid, § 10-10 om søndagsarbeid og § 10-11 om nattarbeid, gjeld ikkje for heimearbeid.

Følgjande gjeld for heimearbeid:

- Alminneleg arbeidstid er 40 timar i veka. Viss det blir pålagt arbeid utover dette, er dette overtid.
- Arbeidstida, inklusive overtid, skal ikkje overstige 48 timar i veka i gjennomsnitt over ein periode på fire månader.
- For arbeidstakarar som delvis arbeider heime, må den samanlagde arbeidstida heime og utanfor heimen ikkje overstige grensene for lengda på arbeidstida, jf. første og andre punkt.
- Arbeid mellom klokka 23.00 og 06.00 eller 24.00 og 07.00 er nattarbeid. Arbeidstakarar som hovudsakleg utfører arbeid om natta, skal ikkje arbeide meir enn åtte timar i døgnet.
- For personar under 18 år gjeld under alle omstende føresegnene i kapittel 11 i arbeidsmiljølova.

Arbeidstakarar som hovudsakleg utfører arbeid om natta, skal få tilbod om helsekontroll før dei begynner i jobben og deretter med jamne mellomrom. Dette gjeld ikkje arbeidstakarar som normalt arbeider mindre enn tre timar av den daglege arbeidstida si om natta.

Merk at reglene om arbeidstid i «Forskrift om arbeid i arbeidstakers hjem» ikkje gjeld for avlastarar, sjå: [Forskrift om arbeidstid for avlastere](#)

Tilgang til heimen

Verken arbeidsgivaren, verneombodet eller Arbeidstilsynet har tilgang til heimearbeidsplassen til arbeidstakaren utan særskilt avtale.

Regelverk

[Forskrift om arbeid i arbeidstakers hjem](#)